

Burundi-prosjekt blir utstilling

Jærmuseet Vitengarden blir i helga fylt opp av burundiske gjenstandar og klesdrakter.

KIRSTEN HÅLAND | tekst og foto
kirsten@jbl.no

UTSTILLING: Som eit ledd i Hå kommune sitt samarbeid med den burundiske kommunen Butaganzwa, er to ungdomsskulelevar og ein lærar frå Burundi på kulturturveksling på Jæren. Dei tre vil vere til stades når startskotet for Burundi-utstillinga går i dag.

Skummelt

Ungdomsskulelevane og læraren frå Burundi er i Noreg for første gong.

– Dette er noko heilt nytt for oss. Berre det å setje føtene våre inn i flyet syntest me var litt skummelt, og då me kom til Amsterdam heldt me på å detta ned pulletrappa, seier Evelyn Nyavinski og ler.

Nyavinski arbeider som lærar ved ein skule i Buraganzwa i Burundi. Saman med ungdomsskulelevane Fabiola Harerimama og Jacqueline Niyizigama bur ho nå hjå Japhet Legentil Ndayishimiye, som har teke på seg rolla som tolk og husvert denne

veka. Japhet arbeider vanlegvis i Hå kommune. Han fortel at han starta dagen med å gje dei tilhrende tradisjonell norsk frokost.

– Dei fekk smake egg, ost og norsk brød. Dei likte ikkje knekkebrød, det var forhardt, seier han og smiler.

Bjørg Sandvæ er formidlar ved Vitengarden. Ho ser fram til åpninga av utstillinga.

– Me synest det er kjekt at desse unge kvinnene frå Burundi kjem til oss. Utstillinga «Ei verd på spel» vart åpna i haust, og nå vil me åpne ei ny del av denne utstillinga på fredag. Då vil Varhaug ungdomsskule, som er førtak for Burundi, og Loen barnehage, som har flest fleirkulturelle barn, vere til stades.

Burundi-dag

Udstillinga vil bestå av ulike bruksting, klesdrakter og film frå Burundi.

– Me har fått ein del burundiske ting frå Gaute Sømme, som tidlegare har vore i Burundi for å rehabilitera og bygge opp eit slaktteri. Me vil stille ut klesdrakter og vise film frå det afrikanske lan-

det. Så vil me henge opp plakatar som fortel om samarbeidet mellom Hå kommune og Butaganzwa, seier Sandvæ.

Hå kommune har, saman med Jærmuseet Vitengarden, laga eit opplegg for gjestane, som skal vere på Jæren i ti dagar. Nå på søndag skal det blant anna arrangerast ein Burundi-dag.

– Evelyn, Fabiola og Jacqueline skal då fortelle om sitt eige land. Dei skal vise fram og lære frå seg burundisk dans, og dei vil lage smykker og flettle håret på burundisk vis til dei som måtte ønske det, seier Anne Jorunn Frøyen. Det er ho som har ansvaret for utstillinga.

Satsar internasjonalt

Anne Marie Gjølme er konsulent i etat for opplæring og kultur i Hå kommune. Ho gler seg over besøket frå Burundi.

– Jærmuseet tok initiativ til å ha ei utstilling om samarbeidet mellom Hå kommune og Butaganzwa. Me syntest det var ein fin anledning til å invitere ungdomsskulelevar frå Burundi her til Jæren. Hå kommune satsar på internasjonalisering, og samarbeidet med Burundi er ein del av den internasjonale satseringa, seier Gjølme.

Ho håper at elevane frå Noreg og Burundi kan lære av kvarandre sin kultur.

BESØKTE VITEN-GARDEN:

Evelyne Nyavinski (f.v.) spiller på et burundisk instrument saman med Jacqueline Niyizigama (grønn genser) og Fabiola Harerimama. Anne Jorunn Frøyen og Japhet Legentil Ndayishimiye følger med.



– Me ønskjer at lokale barn og unge skal lære korleis det er å leve i andre delar av verda, og din for øg få oppleve Noreg som ein del av verda. Då kan dei kanskje få ei ny forståing av sitt eige lokal-samfunn og sin eigen identitet. Me vil også at elevane frå Burundi skal få lære om norsk kultur, og difor skal dei på omvising i distriktet seinare i veka.

Konsulenten har eit klart mål med kulturturvekslinga.

– Målet er å vise at det nyttar, og at eit samarbeid som dette kan fungere. Små midler når langt dersom du gjer det på rette måten.